




KVINNHERAD
KOMMUNE

Kreftomsorg i Kvinnherad kommune

Eit tilbod til deg som er råka av kreft, og til dine pårørande

Kva kan kreftkoordinator hjelpe deg med?

- ◇ Koordinere tenester og vera eit ledd mellom pasient, kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta.
- ◇ Heimebesøk med samtale, oppfølging og støtte til både pasientar og pårørande.
- ◇ Støtte og hjelp til born når mor eller far har kreft
- ◇ Støtte og hjelp til familiar med kreftsjuke born
- ◇ Råd til lindring av plagsame symptom
- ◇ Råd om kost og ernæring
- ◇ Informasjon om tenester, rettar og tilbod innan kreftomsorg både lokalt og nasjonalt.
- ◇ Jobba tverrfagleg, samarbeida med sjukehus, fastlege og andre relevante samarbeidspartar.
- ◇ Bidra med å søkja/skaffa naudsynte hjelpemiddel



Kven kan ta kontakt?

Alle som er råka av kreft, i alle fasar av sjukdomen eller rehabiliteringa. Òg du som er pårørande, kan ta kontakt med eller be om å bli sett i kontakt med kreftkoordinator.

Korleis koma i kontakt med kreftkoordinator?

Du treng ikkje tilvising for å ta kontakt med kreftkoordinator. Du kan be fastlegen din om å formidla ønske om kontakt, eller du kan sjølv ta kontakt direkte med kreftkoordinator. Har du spørsmål:

Kontakt

Kreftkoordinator Marit Sjøvangen

Tlf: 94 84 61 23

Vurderings- og koordineringseininga

Tlf: 99 35 84 67

Kvardagar kl. 08-15



Den tida som no

«Den tida som no
går gjennom oss,
den tunge ufattelege
nedbøren
legg hovud og hender døde.
Vil du vera her,
vil du halde om meg,
vil du løfta meg gjennom rommet?
Åleine går det ikkje ein tomme»

Ukjent.